

# NOTAT OM OVERORDNA VA-PLAN, Nedrebø, PlanID202005

## Bakgrunn

Detaljreguleringsplan Nedrebø opnar for bygging av inntil 5 nye naust i tillegg til 1 eksisterande naust. På grunn av at det er ulike eigarar innanfor planområdet er det også ulik tidshorisont for eventuell gjennomføring av utbygging. Det er difor tenkt ei samla utbygging av VA-anlegg for vatn og avløp for dei som foreløpig ønskjer å starta utbygging, men med dimensjonering slik at det er råd å kople til fleire til same anlegg i etterkant. Det er også opp til kvar enkelt eigar og utbygger korvidt ein ønskjer å installera vatn- og avløpssystem i naust.

I oppstartsmøte vart det diskutert å nytta sjøvatn som sløkkjevatn for brannvesenet, dette ligg til grunn for vassbehovet innan planområdet.

## Utbygging av vasstilkopling

Etter samråd med BVA er det avklart at ein kan knytta seg til vannkum 36816 på land i bakkant av eksisterande fritidsbebyggelse like nord for planområdet. Her vert det lagt opp til å nytta Ø63mm HDPE SDR11 med intern forgreining i Ø32mm HDPE SDR11 via separat kum på land.

## Utbygging av avløpssystem

Som utgangspunkt er det lagt opp til avløpsanlegg ihht lokal forskrift om sanitært avløpsvatn i Bømlo kommune, med private løysingar. I dette området må ein leggja avløpsledning ut til tilfredsstillande djupne for å finna god nok resipient.

Dette gjer ein ved å nytta felles slamavskiljar for naust innanfor BUN3 og med felles avløpsledning Ø75mm HDPE SDR17 ut til tilfredsstillande djupn i henhald til forskrift.

*Dersom oppsitjarane heller vil montera godkjent renseanlegg ihht til forskrift er det ei løysing som også kan nyttast innanfor planområdet. Dersom oppsitjarane heller vil montera godkjent system for trykkavløp med privat kvernpumpe kan også dette nyttast innanfor planområdet. Avløpsløysingane må vera ihht gjeldande forskrift i Bømlo kommune.*

## **Overvatn**

Det vert lagt opp til at overvatn renn frå terreng og til sjø.

*04.06.2021*

*Vidar Onarheim*

*Planlegg Bømlo AS*